

Inntaksreglement til skule for Sygna vidaregåande skule

Sygna vidaregåande skule er ein kristen privatskule med godkjenning etter Lov om frittstående skolar (friskolelova). Dette inntaksreglementet har difor utgangspunkt i det friskolelova seier om inntak av elevar, jfr. friskolelova § 3-1.

1. Generelt om inntak

- a) Som friskule har Sygna vidaregåande skule heile landet som inntaksområde, og skulen er open for alle søkjarar som fyller vilkåra for inntak i tilsvarande offentlege skular (jfr. Friskolelova § 3-1 første ledd) og som har rett til vidaregåande opplæring (jfr. opplæringslova § 3-1).
- b) Inntaket skjer ved ei inntaksnemnd som består av rektor, inspektørane og rådgjevar.

2. Søknad

a) Søknadsprosedyre

Søknaden skal sendast elektronisk på skulen sitt eige søknadsskjema. Kopi av vitnemål/kompetansebevis/underskrivne karakterutskrifter som skal leggjast til grunn ved inntaket, skal sendast skulen innan søknadsfristen, eller bli ettersendt når dei ligg føre innan same frist, sjå punkt 2d.

Søkjarar frå Sogn og Fjordane skal i tillegg søke Sygna vgs via Vigo.

b) Søknadsfrist

Søknadsfrist for ordinært opptak er 1. mars. Etter denne fristen handsamar skulen søknader fortløpande. For oversøking sjå punkt 3.
Søknadsfrist for opptak på særskilt grunnlag er 1. februar, sjå punkt 3c.

c) Deltidselev

Søkjarar kan bli tekne opp som deltidselevar dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag og dersom det er plass i aktuell klasse ved skulestart.

d) Dokumentasjon

Søkjarar til Vg1:

Søkjaren må dokumentere gjennomgått 10-årig grunnskule eller tilsvarande. Første opptak skjer på grunnlag av karakterar frå første termin, men skulen tek atterhald om at alle karakterar er 2 eller betre på endeleg dokumentasjon.

Elevar som har vitnemål frå grunnskule til søknadsfrist, vert vurderte ut frå vitnemål.

Dersom eleven står å venteliste endrar skulen venteliste plass ut frå ettersendte dokumentasjon. Kopi av vitnemål skal ettersendast.

Søkjarar til Vg2 og Vg3:

Søkjaren må leggje fram kompetansebevis/stadfesting på at nødvendige programområde er fullførte, i samsvar med læreplanane. Inntaket kan bli gjort på

grunnlag av karakterane i første termin. Skulen tek atterhald om at det endelege karakterutskrifta/kompetansebeviset viser bestått og fullført.

Elevar som har fått kompetansebevis frå høvesvis Vg1 og Vg2 til søknadsfrist, vert vurdert ut frå kompetansebevis.

Dersom eleven står på venteliste endrar skulen venteliste plass ut frå ettersendt dokumentasjon.

I tillegg kan ein søkjar som på Vg1 eller Vg2 ikkje har bestått eitt eller to fag likevel takast inn som elev dersom det etter intern vurdering på skulen er dokumentert at søkjaren har dei kunnskapane og den dugleiken som er nødvendig for å følgje undervisninga.

Kopi av kompetansebevis skal ettersendast.

3. Prioritering av søkjarar ved oversøking

Dersom skulen har fleire søkjarar enn det skulen har plassar/kapasitet til å ta inn, vil følgjande kriterie, i prioritert rekkefølge, bli lagt til grunn for inntaket:

a Særskilte vilkår

Skulen set av 8 % av elevplassane i til søkjarar som ikkje kan konkurrere om elevplass etter vanlege kriterium og som treng spesialundervisning jfr. opplæringslova § 5-1 eller som av helsemessige eller sosiale omsyn bør prioriterast. Det vert kravd sakkunnig dokumentasjon.

Elevar vert tekne inn etter følgjande prioritering:

- 1) Heimebuarar
- 2) Karakterar/vurderingar gitt i siste terminvurdering eller kompetansebevis

Dersom skulen ikkje har nok elevar i denne kategorien til å dekke 8 % av elevplassane ved søknadsfristen 1. mars, skal resten av plassane disponerast til ordinært inntak.

Vedtak om inntak på særskilte vilkår gir òg rett til inntak påfølgjande år (Vg2) når det gjeld yrkesfagleg utdanningsprogram og to påfølgjande år (Vg2 og Vg3) når det gjeld studieførebuande utdanningsprogram. Ein føresetnad for denne retten er at eleven har dette valet som 1. prioritet på søknaden i Vigo. Dersom heimefylket til eleven gjer vedtak om utvida opplæringstid, vil eleven få tilsvarende utvida rett til inntak.

b Prioritering på søknad

Elevar som har Sygna som sitt førsteval vert prioriterte før elevar som har Sygna som lågare valalternativ.

c Elevar som går eller har gått på Sygna vidaregåande skule:

Ved inntak til Vg2 og Vg3 blir eigne elevar som søker seg vidare til påfølgjande programområde prioriterte før eksterne søkjarar, dersom dei oppfyller vilkåra i) og ii) eller ii) og iii):

- i. Dei har karakteren 2 eller betre i alle fag.

- ii. Dei ikkje har nedsett karakter i orden og/eller åtferd i skule
- iii. Følgjer undervisning etter individuell opplæringsplan (IOP).

Ved inntak til Vg3 vil elevar som berre har gått Vg2 på Sygna bli prioriterte før elevar som berre har gått Vg1.

Dersom fleire søkjarar står likt i konkurransen om skuleplass, blir rekkefølgja avgjort ved loddtrekking.

d Bustad

Elevar blir tekne inn med tanke på at internatet skal bli fullt.

Søkjarar som vil bu på skuleinternatet blir prioritert framfor elevar som ønskjer å bu utanfor skulen, så lenge skulen har disponible internatrom. Dette gjeld likevel ikkje når søkjaren er frå lokaldistriktet og ønskjer å bu heime.

Rektor kan etter søknad gje høve til å bu utafør internatet.

e Misjonær barn og andre i liknande kategori

Søkjarar som har foreldre/føresette som er misjonærer i aktiv teneste og andre med foreldre/føresette i aktiv utanriksteneste, vil bli prioriterte før andre søkjarar. Søkjaren har sjølv ansvar for å skaffe skulen nødvendig dokumentasjon før inntak.

Karakterar og poengutrekning

Utanom punkt 3a til 3e blir søkjarane ved oversøking prioritert ut frå karakterpoeng frå siste aktuelle karakterdokument jfr. ”Dokumentasjon” ovanfor. Dette vil og gjelde søkjar som søkt etter fristen. Karakterpoeng blir rekna ut etter same prinsipp som i offentleg skule, jfr.

Forskrift til opplæringslova § 6-13, 6-21 og 6-28.

Dersom fleire søkjarar står likt i konkurranse om den eller dei siste plassane, blir rekkefølgja mellom dei avgjort ved loddtrekking.

4. Klageinstans

Vedtaket om inntak er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova. Eleven har innsynsrett i dokument som vedkjem saka. Eleven har også klagerett på vedtaket. Klagefristen er 3 veker frå eleven mottok brevet slik forvaltingslova kap VI §29 tilseier. Klageinstans er Kunnskapsdepartementet ved Fylkesmannen (Friskuleskulelova §3.1), men eleven skal sende klaga til Sygna vgs ved rektor.

Vedteke i styret for Sygna vidaregåande skule 10.02.2018